

NVE

Dykkar ref.

Vår ref.
05/2621-11 13/3918
Rune Roalkvam

Arkivkode:

Dato:
21.03.2013

OSANE KRAFTVERK - STEINSTØLÅNA. KLAGE PÅ VEDTAK

Me viser til dykkar brev av 07.03.2013 der det vert orientert om vedtak om konsesjon for Osane kraftverk i Steinstølåna, Suldal kommune.

Suldal kommune vil med dette påklaga vedtaket.

Suldal kommune har tidlegare frårådt utbygging av dette vassdraget. Planane den gong var noko annleis, men kommunen er framleis av det syn at utbygginga vil vera eit vesentleg inngrep i eit viktig natur- og friluftsområde.

Området ved Sandsavatnet er sterkt prega av kraftutbygging. Ein viktig innfallsport til dei store urørde områda i Dyraheio går frå parkeringsplass ved Osane ved Sandsavatnet, langs Steinstølåna til Steinstøl og vidare inn i heia. Stavanger Turistforening har merka rute her, og Suldal kommune har tilrettelagt med informasjonstavler om naturtilhøva i området. Området ved Steinstølen inngår i eit regionalt viktig friluftsområde. Steinstølåna er eit viktig landskapselement/opplevingsfaktor i denne samanhengen

I "Heiplanen", regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei som venteleg vil bli vedteken med det første, inngår dette området i "Hensynssone Nasjonalt Villreinområde", den sterkaste vernesona.

Inngrepet vil vidare redusera INON-området med inngrepsfri natur nordaust for Sandsavatnet.


Området er hekkeplass for hubro, men også jaktfalk, storlom og smålom har tilhald i området. I tillegg til det biologiske mangfaldet er området av pedagogisk verdi innan geologi og geomorfologi.

Utbyggingsplanane er i strid med kommunen sine retningslinjer for småkraftutbygging ved at inngrepa skjer dels over skoggrensa. Suldal kommune har ei positiv haldning til småkraftutbygging og er den kommunen i Rogaland med flest slike anlegg. I dette tilfellet meiner me likevel at det samla sett er så mykje som talar i mot utbygging at me ikkje kan akseptera at det blir gitt konsesjon til tiltaket. Dykkar vedtak vert difor påklagd.

Med helsing



Endre Gjil
bygdeutviklingssjef



Rune Roalkvam
plan- og miljøkonsulent